



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL

Møtedato: 14. desember 2007
Stad: Flå, Vik Gjestegiveri

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.
Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Terje Moen.

SAK 50/07 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 9.11.2007

Vedtak

Møteprotokoll 9.oktober 2007 vart vedteke.

SAK 51/07 HALLINGFORSK, SØKNAD OM TILSKOT

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver tilskot for år 1 og 2, for utvikling av Hallingforsk, med føremål permanent drift.
2. Løyving for år 3 og 4 blir løyvd etter handsaming av framlagt evalueringsrapport, der føresetnadane for løyving er gjennomføring i forhold til framdriftsplan/handlingsplan, og at det ikkje er vesentlege endringar i føresetnader.
3. Det blir løyvd kr. 300.000 i tilskot pr. år, med utgangspunkt at dei andre partane; Ål kommune, Hallingdal sjukestugu, Ringerike Sjukehus og Helse Sør, totalt bidreg med minimum kr. 500.000 i reine pengar, pr. år.
4. Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
5. Prosjektet bør profilerast som eit regionalt prosjekt med ein klar Hallingdalsprofil.
6. Prosjektet må utarbeide ein revidert handlingsplan innan 15.1.2008.

SAK 52/07 MØTEPLAN 2008

Vedtak

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 1.2.2008	09.00	Gol	Regionrådet Inkl. dialogmøte med fylkesmannen
Fredag 29.02.2008	09.00	Ål	Regionrådet
Tysdag - Onsdag 15 - 16.04.2008	09.00	Hemsedal	Hallingtinget
Fredag 25.04.2008	09.00	Hol	Regionrådet
Fredag 30.05.2008	09.00	Gol	Regionrådet
Fredag 27.06.2008	09.00	Nes	Regionrådet
Fredag 29.08.2008	09.00	Flå	Regionrådet
Fredag 26.09.2008	09.00	Hol	Hallingtinget
Fredag 31.10.2008	09.00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 28.11.2008	09.00	Flå	Regionrådet
Fredag 19.12.2008	09.00	Nes	Regionrådet

SAK 53/07 REKRUTTERINGS- OG ENTREPRENØRSKAPSPROSJEKT I HALLINGDAL

Med bakgrunn i drøftingsnotat orienterte dagleg leiar om pågåande prosjekt og utfordringar framover. Ut frå drøftingane skal det arbeidast vidare med tanke på at temaet blir ein av hovuddelane på fyrste Hallingtinget i 2008.

SAK 54/07 REPRESENTANT TIL STYRE FOR HALLINGDAL FOLKEHØGSKULE

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil foreslå at Olaug Grønseth Granli blir oppnemnt til styret for Hallingdal Folkehøgskule.

SAK 55/07 AKSJAR I VARDAR

Regionrådet for Hallingdal har fått oppmoding frå Hol kommune om å sjå vidare på fordelingskriteria i samband med Buskerud fylkeskommune si tildeling av B-aksjar i Vardar, til kommunane i Buskerud.

I sak 132/07 gjorde Hol kommunestyre slikt vedtak:

”Med bakgrunn i Hol kommunestyrets vedtak 08.12.2005, og juridisk vurdering fra advokat Kristin Bjella og notat fra Accepta A/S, ber Energiutvalget om at denne saken tas videre i Regionrådet.

Kommunestyret ber samtidig om at Nore og Uvdal kommune inviteres inn i prosessen.”

Erik Kaupang foreslo at Regionrådet følgde oppmodinga frå Hol kommunestyre og at dette vart ei sak på neste møte i Regionrådet.

Vedtak, 5 mot 1 stemme

5 av kommunane i Hallingdal har sagt ja til gåva utan atterhald, og finn det då unaturleg at dette er ei sak for Regionrådet.

SAK 56/07 EVENTUELT

Forum Nye Bergensbanen (FNB)

Torleif Dalseide som ny leiar i FNB orienterte om arbeidet med tilsetjing av prosjektleiar og finansiering av denne.

I Regionrådet sitt vedtak i sak 48/07 pkt.6 står det: ”Regionrådet for Hallingdal går inn for ei årleg driftsstøtte på kr. 100.000, førebels for 2 år, til prosjektet Bergensbanen Utvikling.”

Ut frå dette drøfta Regionrådet aktuelle finansieringsformer for Hallingdal.

Utbetring av Rv7, Hønefoss - Gol

Ut frå div. møter og drøftingar vil Regionrådet for Hallingdal be Statens vegvesen om ei strekningsvis utgreiing av utbyggingsbehovet for stamvegen Rv7 frå Hønefoss – Gol.

Ål 19.12.2007

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar